



Innkalling for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 19.09.2019

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 09:00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
033/2019	Avtale om vertkommunesamarbeid om krisesenter
034/2019	Kulturminnefondet 2019
035/2019	Tilskot til idrettsanlegg 2019
037/2019	Prosjekt- og aktivitetsstøtte - kulturmidlane - tildeling haust 2019
038/2019	Ekstraordinær tilskotsordning 2019 - bygg og anlegg
039/2019	Ekstraordinær tilskotsordning kultur - song og musikk
040/2019	Nasjonal ramme for vindkraft på land - høyring
041/2019	Oppfølging av forvaltningsrevisjon "Tidleg innsats i oppvekstsektoren"
042/2019	Rett til gratis skuleskyss grunna farleg skuleveg
043/2019	Sluttavtale Nordhordland revisjon IKS og stifting av Vestlandsrevisjon IKS
044/2019	Søknad om serveringsløyve Sletta Handel
045/2019	Meldingar og referatsaker

Sak 36 – Kulturprisen i Radøy 2019 – er unnateke offentleg innsyn (U3 §26 2.ledd 1.punktum)

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må meld a i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærmere innkalling.

12. september 2019

Jon Askeland
møteleiar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
033/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Grete Algrøy Herøy	14/853	19/11900

Avtale om vertkommunesamarbeid om krisesenter

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Viser til gjeldande avtale vedtatt i Radøy kommunestyre sak 24/2014. Etter denne avtalen er oppseilingstida 1 år med avslutning 31.12 påfølgande kalenderår.

Foreningen Krisesenteret for Bergen og omegn har hatt kontrakt om drift av krisesentertilbod for Bergen kommune og omegnksommunar. Denne avtalen har vore forvalta av Byrådsavdeling for helse og omsorg. Avtalen var gjeldande fram til 31.12.18.

Byrådet i Bergen kommune vedtok 18.09.18 at krisesentertilboden skulle driftast i kommunal regi frå 01.01.19. Dette førte til at Bergen kommune ved Byrådsavdeling for sosial, bustad og inkludering (BSBI) frå januar 2019 overtok drifta av krisesentertilboden.

BSBI har i tråd med måla for krisesenter i kommunal regi erfart behov for tenestemessige forbetringer. Det er og behov for å inngå ny samarbeidsavtale for det administrative samarbeidet mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunane.

Aktuelle endringar i ny samarbeidsavtale:

- Opphaldstida skal vere avgrensa, strengt behovsprøvd samt at det skal vere betalingsplikt for deltagarkommunane for opphold over 6 veker. Kvar ein skild kommune er forplikta til å bistå med å retablere brukar/ane i eigen/annan kommune.
- Deltagarkommunane skal sjølv gje tilbod til personar som er til fare for seg sjølv og andre.
- Det skal vere hyppigare samarbeidsmøter enn tidlegare. Det skal vere minimum 3 møter i året – 1 på overordna nivå og minimum 2 samarbeidsmøte på anna nivå.
- Oppseilingstida vert utvida frå noverande 1 år til 4 år. Det er og plikt for alle samarbeidskommunar til å delta på aktuelt møte for å drøfte konsekvensar ved eventuell oppseiling frå ein eller fleire deltagarkommunar.

- Deltakarkommunane pliktar å delta i arbeidet med å utarbeide rutiner for samarbeid med Krisesenteret, koordinering med meir.
- Deltakarkommunane plikter å peike ut kontaktpersonar for juridisk forvaltning av avtalen samt for respektive fag/tenesteområder der det vert ytt teneste frå Krisesenteret.
- Ny samarbeidsavtale presiserer at deltakarkommunane sjølv skal sørge for tilrettelagt undervisning, skuleskyss, helsetenester etter helse- og omsorgstenestelov med meir.
- Bergen kommune v/Krisesenter for Bergen og omegn skal utarbeide framlegg til administrative og operative rutiner for samarbeidet. Framlegg skal drøftast i samarbeidsmøter med deltakarkommunane.

Samarbeidsavtale om vertskommunesamarbeid skal vedtakast av kommunestyret i kvar einskild deltakarkommune. Etter at alle deltakarkommunar har utført aktuelt vedtak vert det innkalla til oppstartsmøte innanfor ny avtale.

Økonomi

Radøy kommune betalte eigenandel for 2018 med om lag kr. 233.000 -. Eigenandel for 2019 er budsjettert med tilsvarende sum.

Bergen kommune melder at noverande vurderingar tilseier samla meirkostnad for Krisesenteret for Bergen og omegn med om lag kr. 800.000,-. Av dette er kr. 500.000,- eingongskostnad. Det er her meldt noko usikkerhet knytta til endeleg rekneskapstal. Aktuell meirkostnad vert delt mellom samarbeidskommunane jamfør tidlegare avtale/fordelingsnøkkelen.

Døgnpris for opphold over 6 veker skal fastsetjast administrativt innanfor den delegerte fullmakt til administrasjonen som følger av vedtaket. Det er ikkje teke stilling til kva døgnpris som vil verte gjeldande. Det er lagt opp til at døgnprisen skal avklarast i drøfting mellom vertskommunen og samarbeidskommunane.

Eventuelle kostnader knytta til avvikling av avtalen med Foreningen Krisesenteret for Bergen og omegn kan kome i tillegg.

Vurdering

Samarbeidsavtalen (vedlegg) er ein avtale etter kommuneloven §28-1 a. og 28-1 b., jf. §28-1 e, mellom Bergen kommune som vertskommune og samarbeidskommunar om kriesentertilbod jamfør Lov av 19.6.2009 nr. 44 om kommunale kriesentertilbod Krisenterlova

Rådmann vurderer det som tenleg å halde fram samarbeidet om kriesentertilbod, og slik sikre formål i lova med omsyn til «...å sikre eit godt og heilskapleg kriesentertilbod til kvinner, menn og barn som er utsette for vald eller truslar om vald i nære relasjonar.»

Det er per tid 22 deltakarkommunar som samarbeider med Bergen kommune om drifta, og rådmann er positiv til at Bergen kommune har teke avgjerd om å drifta kriesentertilboden i kommunal regi. Ein ser det og som føremålstenleg å gjere endringar i samarbeidsformer, prosedyrer med meir, samt presisere ansvarsdeling mellom vertskommune og samarbeidskommunane. Ein viser her mellom

anna til «Tjenestebeskrivelse – Krisesenter for Bergen og omegn» (vedlegg).

Radøy kommune er i prosess med kommunesamanslåing. Ein legg her til grunn at samarbeidsavtalen om krisesenter for Bergen og omegn vert vurdert vidareført i Alver kommune med eige vedtak så snart Alver kommunestyre er konstituert.

Folkehelse: Ingen merknad

Miljø: Ingen merknad

Økonomi: Ingen merknad

Konklusjon

Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn vert vedtatt av kommunestyret jamfør kommunelova § 28-1 e.

Rådmann tilrår at Radøy kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen slik den ligg føre (vedlegg). Kommunestyret gjev rådmann fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peike ut aktuelle kontaktpersonar som representerer kommunen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn slik den ligg føre (vedlegg).

Rådmann får fullmakt til å godkjenne seinare mindre vesentlege revisjonar av avtalen, og peiker ut aktuelle kontaktpersoner som representerer kommunen.

Vedlegg:

Vertskommunesamarbeid om Krisesenter for bergen og omegn

Vedlegg 1aii - Oversikt over kontaktpersoner.PDF

Samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn.PDF

Vedlegg 1ai -Tjenestebeskrivelse Krisesenter for Bergen og omegn, revidert 24.05.2019.PDF

Vedlegg 1 - Samarbeidsavtale.PDF

AcosSvarInn.xml

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
034/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.: 19/1715	Dokumentnr.: 19/12633
---------------	-------------------------	--------------------------

Kulturminnefondet 2019

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Midlar frå Radøy kommune sitt kulturminnefond skal nyttast til å ta vare på verdifulle og verneverdige kulturminne i kommunen. Det er avkastninga på fondet som kan nyttast, og denne er for 2019 stipulert til å vera 25 800 kroner.

Statuttane for Radøy kommune sitt kulturminnefond seier at midlar skal løvvast til prosjekt som vil eller har utløyst eksterne midlar frå andre offentlege instansar og/eller private verksemder. Vidare skal kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan, kulturplan og kommuneplan prioriterast ved tildeling av midlar frå fondet. Rådmannen legg også vekt på at arbeidet skal utførast etter antikvariske prinsipp, og gjerne i tett dialog med kulturverntenesta i Nordhordland eller andre faginstansar.

Kulturminnefondet skal normalt ikkje bidra til meir enn 35 % av godkjend kostnadsoverslag. I særskilde tilfelle, avhengig av eigar sin nytte/økonomiske situasjon, kan kulturminnefondet bidra med inntil 50 % av godkjend kostnadsoverslag.

Det er kome inn éin søknad.

Vurdering

Arvid Nøttveit søker om kr 25 000 til ei løe på gnr 49/4 på Nøttveit. Løa skal vera reist i 1870 og primærkonstruksjonen er stav-/grindbygg med tørmurar mellom anna i langveggen mot sør og i gavlen mot aust er det tørrmur. Denne byggjemåten gjer løa til ein flott representant for steinhusarkitekturen i vårt område.

Det er fleire lekkasjar på løa, og det er difor naudsynt å byta tak for å redda løa. Totalkostnaden på dette prosjektet er utrekna til å vera kr 131 900.

Løa og den gamle lemstova i tunet, som og har vernemur i tørrmur, representerer eit typisk tun frå 1800-talet slik dei vart etter jorskiftreforma/utskiftinga. På bakgrunn av dette er begge desse

bygningane plasserte i vernekasse B i kulturminneplanen.

Rådmannen rår til at Arvid Nøttveit får 25 000 kroner til restaurering av løa på Nøttveit.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arvid Nøttveit får kr 25 000 fra Radøy kommune sitt kulturmingefond til restaurering av løa på gnr 49/4.

Vilkåra for utbetaling av midlane er sett i statuttane for kulturmingefondet.

Vedlegg:

Søknad steinløe på Nøttveit - gnr 49 bnr 4 – Radøy kommune

Nøttveit uttale

Kostnadsoverslag - Nøttveit

Steinløe på Nøttveit finansieringsplan

Statuttar for Radøy kommune sitt kulturmingefond

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
035/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.: 19/1319	Dokumentnr.: 19/9151
---------------	-------------------------	-------------------------

Tilskot til idrettsanlegg 2019

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I Radøy kommune sitt budsjett for 2019 er det sett av kr 550 000,- til tilskot til vedlikehald av idrettsanlegg i kommunen. I samsvar med retningsliner for kulturmidlar i Radøy kommune gjer formannskapet endeleg vedtak etter innstilling frå rådmannen og uttale frå idrettsrådet. Tilskotet vert fordelt utan føregåande søknad etter fordelingsnøkkel.

Vurdering

Radøy Idrettsråd har i styremøte 5. juni 2019 drøfta saka og kome med tilråding om korleis midlane skal fordelast.

Idrettsrådet foreslår følgjande delingsnøkkel og fordeling av midlar:

Lag	Anlegg	Delingsnøkkel	Tilskot
Hordabø IL	Grasbane, kunstgrasbane, idrettshall, klubhus m/garderobe	7,2	Kr 255 484,-

Radøy IL	Kunstgrasbane, grasbane, garderobe	4,9	Kr 173 871,-
Manger IL	Kunstgrasbane, klubbhus u/garderobe	2,4	Kr 85 161,-
Radøy skyttarlag	Klubbhus u/garderobe	1,0	Kr 35 484,-
Totalt		15,5	Kr 550 000,-

Konklusjon

Rådmannen støttar idrettsrådet sitt framlegg til fordeling av vedlikehaldsmidlar til idrettsanlegg i kommunen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune fordeler midlane til idrettsanlegg for 2019 som følgjer:

Hordabø IL: kr 255 484,-

Radøy IL: kr 173 871,-

Manger IL: kr 85 161,-

Radøy skyttarlag: kr 35 484,-

Vedlegg:

Radøy idrettsråd styremøte 05.06.2019

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
037/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.: 19/363	Dokumentnr.: 19/13025
---------------	------------------------	--------------------------

Prosjekt- og aktivitetsstøtte - kulturmidlane - tildeling haust 2019

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune har gjort endringar i tildeling av prosjekt- og aktivitetstilskot frå kulturmidlane. Tidlegare vart kvar søknad vurdert og handsama fortløpande. I år vert midlane fordelt to gonger i året. Det er 30.000 kroner til fordeling i begge søknadsrundane.

Kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerkte verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemer som er busette i Radøy kommune.

Det er 30 000 kroner til fordeling i prosjekt- og aktivitetstilskot i haust. Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og –prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som:

- Underskotsgaranti
- Direkte tilskot

Retningslinene seier at aktivitetar for barn og unge skal prioriterast. I tillegg skal aktivitetar som femnar om menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjar integrering prioriterast.

Desse har søkt om tilskot:

Hella bedehus: I sommarferien inviterer Hella bedehus alle til å vera med på leir. Laget betaler kvart år heilt eller halvt for mange, så ikkje familieøkonomi skal vera avgjerande.

Hella bedehus skriv i søknaden at dei ser det som viktig å skapa sosialt samver og opplevelingar for mange barn. Laget seier også at dei har behov for utstyr til aktivitetane sine for barn. I søknaden vert det peika på at trøngen for høveleg utstyr er stort når inntil 40 born i alderen 7-13 år skal aktiviserast samstundes.

Dette er etter administrasjonen si vurdering eit viktig tiltak i denne krinsen. Radøy kommune har tidlegare ikkje gitt tilskot til leiropphald, og den praksisen blir ført vidare også ved denne tildelinga.

Det vert søkt om til saman kr 10 000,- i støtte.

Manger skulemusikklag: Skulekorpsene søker om tilskot til eit korpsutvikling-prosjekt over to dagar. Deltakarane er frå 5-8.trinn. Målet er å integrera dei eldste i juniorkorpsene med dei yngste i hovudkorpsene. Gode relasjoner bidrar til rekruttering og forebygger fråfall, vert det skrive i søknaden.

Tilskotet skal brukast til noteinkjøp, mat og instruksjon. Instruksjonen denne helga er utover den daglege drifta.

Manger skulemusikklag skriv i søknaden at det er viktig å tenkja nyt og langsiktig om korpsene framleis skal halda seg i Norgestoppen.

Administrasjonen synest det er positiv at det vert satsa på denne type aktivitetar, som er viktig i rekrutteringsarbeidet og i arbeidet med å halda musikantane i eit godt miljø.

Det vert søkt om kr 10 000 i prosjekt- og aktivitetsstøtte.

Radøy bokseklubb: Bokseklubben søker tilskot til å ha eit gratis nybegynnarkurs i boksing for ungdom i alderen 13-18 år. Kurset skal gå over to helger i november og skal vera eit tilbod til ungdom i heile Nordhordland.

Bokseklubben skriv i søknaden at kurset vil gje ungdommene introduksjon til idretten, samtidig som dei vil få prøvd det nok ut til at dei kan finna ut om dette er noko dei ønskjer å fortsetja med. Det vert peika på at utstyret som blir kjøpt inn i samband med kurset, vil koma godt med for vidare drift av klubben. Radøy bokseklubb arbeidar for å kunne tilby eit fast tilbod innan kampsport for alle i den nye Alver kommune.

Administrasjonen legg vekt på at Radøy bokseklubb er eit alternativ tilbod til ungdom i Radøy.

Det vert søkt om kr 19 900,- i prosjektstøtte til Radøy bokseklubb.

Manger musikklag: Manger Musikklag (MML) og dirigent Bjørn Sagstad inviterer til "Klassiske Perler" i Knarvik kyrkje 15.mars 2020. MML har med seg Rune Alver, Lydia Hoen Tjore og Erlend Aagaard Nilsen på konserten, der det vert servert "Klassiske Perler".

Denne konserten er ei storsatsing av MML. Korpset skriv i søknaden at det krev mykje å halda ein konsert med fleire av dei fremste musikarane me har i Nordhordland. Rune Alver ønskjer mellom, anna å gjere Signe Lund sin klaverkonsert saman med MML. Det krev ein del tilrettelegging og arrangering for at det skal verta mogleg å spela for brassband. Mykje av dette arbeidet vil verta gjort på dugnad, men noko av eit eventuelt tilskot vil gå til arrangering av musikk, resten til arrangementskostnader, som husleige og annonsering. Administrasjonen ser det som prisverdig at MML tar på seg slike prosjekt. Konserten skal haldast i Knarvik og dermed fell denne søknaden utanfor retningslinjene for tilskotsordninga. Konserten skal haldast i mars neste år, og då vil det vera aktuelt å søkja Alver kommune om tilskot.

Det vert søkt om kr 30 000 i prosjekt- og aktivitetsstøtte.

Radøy seniordans: Radøy seniordans søker om prosjekt- og aktivitetsstøtte til aktivitetane sine. RS arrangerer seniordans kvar måndag i ungdomshuset Solvang både haust, vinter og vår, med eit frammøte på mellom 20 og 30 personar.

Radøy seniordans har lenge hatt eit ønske om å gå til innkjøp av eit trådlaust høgtalaranlegg, som danseleiarane kan bruka. Det kan til tider vera vanskeleg å høyra danseleiarane. Det vert i søknaden vist til at andre danselag i andre kommunar har slike anlegg. RS har også felles arrangement med nabokommunane to-tre gonger i året.

Det vert opplyst at eit trådlaust høgtalaranlegg kostar kr 4200,-.

RS har også ein PC der dansemusikken er lagra, og denne begynner å bli gammal og må etter kvart skiftast ut. Prisen på ny PC vil vera kr 3500 – 4000,-.

Administrasjonen ser dansekveldane for seniorane våre som eit positivt tiltak.

Manger idrettslag – bocciagruppa har søkt om prosjekt- og aktivitetsstøtte til familieturneringar i boccia. Denne søknaden vert handsama i tilskotsordning for inkludering og integrering.

Saka er sendt til Radøt musikkråd, Radøy idrettsråd og ungdomsrådet til uttale.

Musikkrådet støttar administrasjonen si innstilling. Uttale frå idrettsrådet og ungdomsrådet vil bli ettersendt.

Konklusjon

Administrasjonen har lagt vekt på å få til ei jamn fordeling av midlane, med unntak av bokseklubben, som får litt meir enn dei øvrige. Bokseklubben har ikkje tidlege fått prosjekt- og aktivitetsstøtte og dei representerer eit viktig alternativ tilbod for ungdom.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir følgjande prosjekt- og aktivitetsstøtte ved fordeling hausten 2019:

Hella bedehus kr 7000,-

Manger skulemusikklag kr 7000,-

Radøy bokseklubb kr 9000,-

Radøy seniordans kr 7000,-

Manger musikklag får ikkje prosjekt- og aktivitetsstøtte til konserten i Knarvik i mars 2019.

Vedlegg:

Hella bedehus _ søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot

Hella bedehus søknad - kostnader

Manger skulemusikklag _ søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot

Manger skulemusikklag rekneskap 2018_ budsjett 2019

MML budsjett konsert

MML rekneskap 2018

Radøy bokseklubb Søknad om prosjekt- og aktivitetstilskot

Søknad om tilskot - Radøy seniordans (L)(311512)

Manger IL _ bocciagruppa _ prosjekt og aktivitetsstøtte

Uttale Radøy musikkråd

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
038/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	19/1271	19/12783

Ekstraordinær tilskotsordning 2019 - bygg og anlegg

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møte 20. juni sak 009/2019 å lysa ut ei ekstraordinær tilskotsordning der ikkje-kommersielle lag og organisasjonar heimehøyrande i Radøy kommune eller organisasjonar med anlegg i Radøy kommune kan søkja om eingongstilskot til investeringar i bygg, anlegg og utstyr som er allment tilgjengeleg.

Det vart sett av 1 500 000 kr til investeringar i bygg og infrastruktur på bygg, anlegg, turstiar m.m. som er allment tilgjengeleg. Av desse vart 1 000 000 sett av til større tiltak med 200 000 kr som maksimum løying pr tiltak og kr 500 000 kr til mindre tiltak med 50 000 kr i maksimal løying pr tiltak. Det vart sett av 500 000 kr til song/musikk med øvre løying på 75 000 kr pr lag. Søknadsfrist var sett til 1. september. Tilskotsordninga har vore kunngjort i brev til lag og organisasjonar, i annonser i Strilen, på nettsidene og på kommunen si facebookside.

Saka vert delt i to med eitt saksframlegg for investeringar i bygg og infrastruktur på bygg, anlegg, turstiar m.m. som er allment tilgjengeleg (større og mindre tiltak) og eitt saksframlegg for song og musikk. Dette saksframlegget gjeld investeringar i bygg og infrastruktur på bygg, anlegg, turstiar m.m. som er allment tilgjengeleg (større og mindre tiltak).

Vurdering

Det kom inn totalt 42 søknader om tilskot til investeringar i bygg og infrastruktur på bygg, anlegg, turstiar m.m. som er allment tilgjengeleg. 33 av desse er plasserte i ordninga for større tiltak og 9 i ordninga for mindre tiltak. Totalt søknadssum for større anlegg er 4 844 630 medan søknadssummen for mindre anlegg er 220 200.

Retningslinene for ordninga gav ikkje nokon føringar for korleis dei ulike søknadene skulle vektleggjast, bortsett frå at alle fire bygdelaga skulle vera tilgodesett. Å vurdera tiltaka opp mot einannan er difor ei vanskeleg oppgåve med så mange søknader. Rådmannen har vald å fokusera på at midlane skal fordelast på mange og på likebehandling mellom lag i same kategori. Unntak frå dette er gjort greie for i vurderinga av søknadene.

Ein del lag har vald å samla fleire tiltak i éin søknad til ordninga større tiltak, medan andre lag har delt opp søknaden i fleire tiltak og søkt begge ordningane. For å sikra likebehandling og hindra at ulike søknadsstrategiar gjev ulik utteljing, har me vald å sjå søknadene i dei to ordningane i samanheng.

Etter fordelinga av mindre tiltak stod det att 391 000 kroner. Desse er overførte til ordninga for større tiltak slik at potten her vart 1 391 000 kroner.

Saka er sendt til ungdomsrådet og idrettsrådet, og uttale frå desse råda vil bli ettersendt.

Oversikt over og vurdering av søknadene i ordninga for større tiltak

Søkjar	Tiltak	Vurdering	Kostnad	Søknadssum	Framlegg til tilskot
Austebygd grendalag	Etablering av bade- og rastepllass ved Austevatnet på Sletta. Tiltaket omfattar også universelt utforma bru over til eit nes, rastepllass med benk på badepllassen, ein badeplattform med landgang og opparbeidning av parkeringsplass.	Tiltaket vil gje Austebygda ein flott, tilrettelagt badepllass i ferskvatn som er dugnad tilgjengeleg for alle. Det vil vera lagt ned ein stor dugnadsinnsats for å gjennomføra tiltaket..	75 000 +	75 000	50 000
Bergen og omland friluftsråd	Oppgradering veg til friluftsområdet nord på Toska	Retningslinene seier at ordninga er for låg og organisasjonar. Bergen og omland friluftsråd er eigd av kommunane, og kjem såleis ikkje inn under denne ordninga.	300 000	300 000	0
Boga småbåthavn	Ferdiggjering av gjestebrygger, naudhamnspllassar og båtopphal.	Eit båtlag er ein interesseorganisasjon der ein må kjøpa båtplass for å vera medlem. Jamvel om søknaden gjeld gjesteplassar og naudhamn som vil vera ålment tilgjengelege, meiner rådmannen at tilskot til båtlag ikkje bør prioriterast då midlane til fordeling er avgrensa.	206 250	200 000	0
Dale grendahus	Rehabilitering av tre toalett på Dale grendahus.	Toaletta ved Dale grendahus treng rehabilitering.	181 000	90 500	50 000
Hella bedehus	Bord, golv og	Tiltaket er ei naudsynt	122 784	40 984	40 000

Hellaneset vel	oppgradering av kjøkken Oppgradering av området kring ballbingen og den kommunale badeplassen i Munkevika. Det skal leggjast drenerast og leggjast asfalt ved ballbingen, og dei ynskjer å leggja skjelsand i Munkevika.	oppgradering i Hella bedehus. Ei oppgradering av av uteområdet rundt ballbingen. vil gjera tilkomsten til ballbingen betre, og også vera ein mogleg parkeringsplass for dei som nyttar badevika nedanfor. Rådmannen innstiller på at laget får noko midlar til dette. Rådmannen er positiv til oppgradering av badeplassen i Munkevika. Ei oppgradering av denne kan ta noko av trafikken vekk frå badeplassen i Naustvågen der grunneigarar og andre klagar over for stor trafikk på smale, svingete vegar og manglande parkeringsplassar (jf skriv til kommunen). Det har vore lite tid til å avklara formalitetar i for badeplassen. Mellom anna er det uavklara om tiltaket er søknadspliktig etter forureiningslova og det må søkjast dispensasjon og løyve etter plan- og bygningslova. Det må også lagast ein avtale mellom kommunen og velforeininga dersom det vert gjeve tilskot og velforeininga skal stå som tiltakshavar. Då prosjektet ikkje er avklara og midlane avgrensa, vert dette prosjektet ikkje prioritert.	96 000 + 187 500	200 000	20 000	
Hordabø idrettslag	Nytt lager i tilknytning til Hordabøhallen.	Tiltaket vil gje Hordabø idrettslag kjærkomen lagringsplass i tilknytning til	1 478 863	200 000	100 000	

		Hordabøhallen.			
Hordabø ungdomslag	Rehabilitering av ungdomshuset Gradnatun. Bygget har stått ubrukt i mange år, og store investeringar må til for at det skal fungera som forsamlingshus for bygda. Arbeid som må gjerast er mellom anna byting av delar av taket, nye takrenne og takbeslag, bytta vindauge og ytterdør, nytta kledning.	Gradnatun treng ei storvøle om huset skal reddast og kunna takast i bruk. Bygget har også høg kulturminneverdi på grunn av alder, historie og autentisitet og er difor plassert i vernekasse B i kulturminneplanen. På bakgrunn av dette innstiller rådmannen på Gradnatun får eit høgare tilskot enn dei andre ungdomslaga/bygdelaga.	213 887	200 000	100 000
Knappen båtlag	Utbetring av botnforhald slik at dei kan tilby gjesteplassar ved båthamna.	Eit båtlag er ein interesseorganisasjon der ein må kjøpa båtplass for å verta medlem. Jamvel om søknaden gjeld gjesteplassar som vil vera ålment tilgjengelege, meiner rådmannen at tilskot til båtlag ikkje bør prioriterast i denne søknadsordninga då midlane til fordeling er avgrensa.	60 000 + dugnad	60 000	0
Kolstad grendahus	Skifta tak på Kolstad grendahus. Totalkostnaden for dette prosjektet er 292 871 kroner. Dei siste åra har det vore ein del lekkasjar i taket, og det må difor skiftast.	Tiltaket er naudsynt for å ta vare på Kolstad grendahus som eit samlingslokale for bygda.	293 000	200 000	50 000
Manger IL	Tre ulike tiltak: 1. Minibane kunstgras med tryggleiksnett 2. Pumptrack, elementsykkelbane 3. Innkjøp av ikadan golvplater som kan leggjast oppå kunstgraset for legging av skøyteis. Det trengs også ein lagerbod for oppbevaring av dette plastgolvet.	Tiltaka som Manger IL skisserer er tiltak som vil koma ei svært stor brukargruppe til gode, og vil også kunna brukast av mellom anna ungdomsskulen og ungdomsklubben. Rådmannen innstiler difor på at Manger IL får noko meir enn dei andre idrettslag til desse tiltaka.	1 775 000	200 000	138 000
Manger ungdomslag	Nytt kjøkken i eige tilbygg. Det gamle	Tiltaket er viktig for at Solvang skal kunna nyttast	940 000	200 000	50 000

	kjøkkenet er trøngt og lite funksjonelt.	som eit funksjonelt forsamlingslokale for bygda og til utleige.			
Marøy grendalag	Skifte av kledning, isolering, takrenner og nye vindauge.	Tiltaket er naudsynt vedlikehald av bygget. Om ein ser tilskotet i ordninga for mindre tiltak i samanheng med dette, har dei fått det same som dei andre grendalaga.	165 000	50 000	30 000
Marås grendahus	Oppgradering av kjøkken og energisparande tiltak som etterisolering.	Tiltaket er viktig for at Marås grendahus skal kunna nyttast som eit funksjonelt forsamlingslokale for bygda, for dei laga som leiger bygget og til utleige. Energisparande tiltak vil bidra til å redusera straumforbruket.	347200	200 000	50 000
Nord- og Midhordland sogelag	Leggja inn vatn og få toalett på Bogatunet. Toalettet skal vera i løa, som ikkje er freda.	Bogatunet er eit museumstun som vert nytta til formidling, særleg om sommaren. Kvar helg er det ope for besökjande på tunet, det er nokre større arrangement og tre dagar kvart år «bur» ein skuleklasse på tunet. At det ikkje er innlagt vatn og berre ein kaggedo legg avgrensingar på bruken på tunet. Rådmannen er positiv til dette tiltaket, og meiner det er naudsynt for at Bogatunet skal kunna brukast som eit fullverdig museumstun med arrangement og omvisining.	350 310	200000	50 000
Nordanger grendahus	Brannsikring og justerbare skinner for tilkomst med rullestol.	Brannsikring er naudsynt for å stetta tekniske krav.	94 000	94 000	50 000
Nordhordland husflidslag	Søkjer tilskot til å skaffa seg eigna lokale og til evt oppgradering og vedlikehald.	Det går klart fram av søknaden at Nordhordland husflidslag har bruk for eigna lokale. Dei har ikkje funne lokale, og har ikkje landa på kva område dei ynskjer lokale. Rådmannen	?	200 000	0

		vurderer difor at prosjektet er for lite konkret til at dei bør få tilskot ved dette høvet.			
Nordhordland jakt og fiskelag	Utbygging av leirduebane i Stokkedalen. Bana vil verta bygd etter krav for jegertrapbane, slik at dei kan halda stemne i jegertrap.	Rådmannen er positiv til tiltaket, men då midlane er avgrensa og må fordelast både geografisk og mellom aktivitetsformer. Rådmannen har innstilt på støtte til 200 meters riflebane til Radøy skyttarlag. Rådmannen innstiller difor på at denne søknaden, som også gjeld skytebana i Stokkedalen/Haukåsen, får avslag.	1 130 000	200 000	0
Nordhordland pistolklubb	Kulefangar på skytebana i Radøyhallen for å oppgradera til dagens krav og gje tryggleiken betre.	Ny kulefangar er viktig oppgradering.	74 000	55 000	50 000
Nordhordland seilforening	Flytebrygge, platting og gapahuk på land i friluftsområdet på Uttoska. Dette vil gjera at området vil verta meir brukt som uthamn for båtfolk, men også for turgåarar. Tiltaket skal vera tilrettelagt for funksjonshemma. Bergen og omland friluftsråd driftar dette området, som er statleg sikra. Nordhordland seilforening er initiativtakar og har ansvar for gjennomføring og står for dugnadsinnsats.	Prosjektet vil gje friluftsområdet eit løft både for båtfolk og for turgåarar.	352 000	200 000	40 000
Radøy idrettslag	Oppføring av reiskapsbygg ved fotballbana på Sletta. Reiskapsbygget skal brukast til oppbevaring av reiskapar og maskiner som vert nytta til vedlikehald av	Tiltaket er viktig for å sikra Radøy idrettslag naudsynt lagringsplass for utstyr ved bana. Om ein ser tilskota i ordninga for mindre tiltak i samanheng med dette, har dei fått det same som Hordabø idrettslag og	200 000	90 000	65 000

	bana. Per i dag nyttar dei garasjen ved samfunnshuset som både er for liten og fuktig.	Radøy skyttarlag.			
Radøy skyttarlag	200 meters riflebane i skyteanlegget i Haukåsen/Stokkedalen . Skyttarlaget manglar per i dag 200 meters bane, og det gjer at dei slit med å få nye medlemer som vil satsa på skyting. Medlemer som ynskjer å驱va med DFS-skyting reiser i staden til andre kommunar for trening og konkurransar.	Anlegget er ei viktig utviding av skytebana i Haukåsen/Stokkedalen.	1 972 402	300 000	100 000
Radøy skyttarlag	Oppgradering til elektroniske skiver i skytebana i Radøyhallen. Elektroniske skiver vil mellom anna gjera gjennomføring av stevner meir effektive og auka tryggleiken ved at ein slepp å gå bort til skivene mellom kvar serie.	Viktig tiltak, men avgrensa midlar. Rådmannen innstiller på at Radøy skyttarlag får 100 000 kroner til 200 meters riflebane i Stokkedalen/Haukåsen, noko som tilsvarer foreslått tilskot til Hordabø idrettslag og Radøy idrettslag.	164 365	164 365	0
Rikstad bedehus	Fornying av kjøkkenet i Rikstad bedehus.	Bedehuset treng nytt kjøkken.	120 000	50 000	50 000
Samfunnshuset Skogen Sletta	Fullføra tilbygg og arbeid i tilknytning til dette. Dei har fått 230 000 kroner i spelemidlar.	Arbeidet med tilbygget er nesten sluttført med tilskot frå spelemidlar og ein betydeleg dugnadsinnsats. Med eit tilskot frå kommunen kan dei sluttføra arbeidet.	754 831	70 000	50 000
Samfunnshuset Skogen Sletta	Leggja inn kommunalt vatn. Bygget har borehol med litt avgrensa og til tider dårlig vasskvalitet. Ein del av arbeidet er tenkt gjort på dugnad.	Godt vatn er viktig når det vert laga mat i bygget. Rådmannen har innstilt på at laget får 50 000 kroner til ein annan søknad, og innstiller på avslag her.	300 000	150 000	0
Storhaugstova velforeining	Oppgradering av uteområdet ved skulehuset og byggja ein ballbinge	Storhaugstova er eit viktig samlingspunkt for unge og gamle på Toska. Rådmannen innstiller på at Storhaugstova på Toska får tilsvarande tilskot som dei	397 700	200 000	50 000

		andre grendalaga.			
Sæbø ungdomslag	Vidare renovering av Sæbø ungdomshus. Tiltaket går ut på å fornya det taket i storsalen, slipa tregolv, renovering av første etasje og skifta kledning og isolering av bakveggen.	Sæbø ungdomslag har lagt ned ein betydeleg innsats på oppgradering av ungdomshuset på Sæbø, og har tidlegare fått tilskot frå spelemidlar og frå kommunen. Rådmannen innstiller på at dei får det same som dei andre grendalaga/ungdomslaga .	235 000	117 500	50 000
Sætre grendalag	Renovering og oppussing, mellom anna utviding av salen, nytt golv og tak i salen, nytt elektrisk anlegg og oppgradering av uteområde.	Tiltaka er naudsynt oppgradering og renovering av bygg og uteområda.	422 000	200 000	50 000
Vetås bygdelag	Gjera ferdig turvegen frå Storheimstemma til Storheimtjørna.	Vegen ligg i eit mykje brukturområde med Grønfjellet, Peprane, Vetåsveten og Hestefjellet som dei mest kjende turmåla. Markevegen er mykje som inngang til området, og gjer dette flotte området tilgjengeleg for personar med barnevogn og rullestol.	170 000 + dugnad	80 000	80 000
Vågenes bygdelag	Oppgradering og utskifing av det elektriske anlegget i Vågenes bedehus, som skal bli grendahus for bygda. Det eksisterande anlegget er gammalt, og bør skiftast for å auka branntryggleiken.	Tiltaket er ein naudsynt oppgradering av bygget. Om ein ser tilskotet i ordninga for mindre tiltak i samanheng med dette, har dei fått det same som dei andre grendalaga.	136 375	129 375	28 000
Vågenes bygdelag	Rehabilitering av utedoen/skuret ved bedehuset. Arbeidet vert gjort på dugnad. Bedehuset er plassert i vernekasse B i kulturminneplanen, og utedoen er ein del av kulturmiljøet kring bedehuset.	Det er ynskjeleg at utedoen vert tatt vare på, men midlane er avgrensa. Rådmannen har innstilt på at Vågenes bedehus får det same som dei andre bygdelaga/ungdomslaga i andre søknader.	83 608	43 608	0

Vågenes bygdelag	12 nye veglys langs Vågenesvegen og Hålandsvegen.	Veglys langs kommunal bilveg fell utanfor denne ordninga.	76 800	76 800	0
------------------	---	---	--------	--------	---

Oversikt over og vurdering av søknadene i ordninga for mindre tiltak

Søkjar	Tiltak	Vurdering	Kostnad	Søknadssum	Framlegg til tilskot
Austebrygd bygdelag	Tilrettelegging av tursti i Austebrygda.	Friluftsliv er eit satsingsområde i Radøy kommune, og kommunen har dei siste åra støtta alle søknader om turstiltak som private har tatt initiativ til. Det er meir midlar att på potten som er sett av til turstiltak i 2019, og dette tiltaket kan støttast gjennom den ordninga.	23 300 + dugnad	23 300	0
Bergen og omegn modellbilklubb	Søkjer tilskot til vedlikehald og oppussing av anlegget på Marås. Dei ynskjer å bygga miljøstasjon for sortering av avfall, innkjøp av lydanlegg til bruk under trening og løp, oppgradering av tellebu,mekkeområde og førarområde, lyssystem for løp og trening og rullestolrampe for førartårn.	Bergen og omegn modellbilklubb har eit etablert tilbod for unge og vaksne som er interesserte i modellbilar. På grunn av avgrensa midlar har innstiller rádmannen på eit lågare beløp enn det dei søker om.	130 000	50 000	20 000
Manger Idrettslag	Spelarbenkar til boccialaget, bocciaballar til utebana, grillplass ved gapahuken og utsikts- og kvilebenkar langs turløypa.	Tiltaka er gode, men vert avslått grunna avgrensa midlar. Manger IL har fått tilskot til ein annan søknad. Innkjøp av benkar til turløypa vil kommunen stå for.	87 500	48 000	0
Marøy grendalag	Oppgradering av parkeringsplass og uteområde.	Parkeringsplassen treng ei opprusting.	40 000	20 000	20 000
Norsk tempoklubb avd.	Oppgradering av klubbhuset/brakka på Olsvollstranda.	Brakka til tempoklubben treng vedlikehald.	12 000 + dugnad.	12 000	12 000

Nordhordland					
Radøy idrettslag	Opprusting av garderobe og klubblokale	Garderobe og klubblokale treng oppgradering.	60 000	25 000	25 000
Radøy idrettslag	Oppgradering av salsbua ved bana	Salsbua treng oppgradering.	26 000	10 000	10 000
Vågenes bygdelag	Innkjøp og montering av varmepumpe i Vågenes bedehus. Ei varmepumpe vil gje betre inneklima og meir stabil temperatur i bygget og lågare straumforbruk.	Vågenes bedehus treng oppgradering for å kunna nyttast som forsamlingshus, og ei varmepumpe vil gjera drifta av huset rimelegare.	21 900	21 900	12 000
Vågenes bygdelag	Innkjøp og montering av ny vasspumpe og trykktank i Vågenes bedehus.	Vågenes bedehus treng oppgradering for å kunna nyttast som forsamlingshus. Vasspumpe og trykktank, i tillegg til vassfilter som er installert tidlegare, bør prioriterast.	19 000	10 000	10 000
Totalt					109 000

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Midlar i tilskotsordninga for ekstraordinære midlar 2019 vert for bygg og anlegg fordele som følgjer:

Større tiltak:

Søkjær	Tiltak	Tilskot
Austebrygd grendalag	Etablering av bade- og rastepllass ved Austevatnet på Sletta	50 000
Bergen og omland friluftsråd	Oppgradering veg til friluftsområdet nord på Toska	0
Boga småbåthavn	Ferdiggjering av gjestebrygger, naudhamnsplassar og båtopphal.	0
Dale grendahus	Rehabilitering av tre toalett på Dale grendahus.	50 000
Hella bedehus	Bord, golv og oppgradering av kjøkken	40 000
Hellaneset vel	Oppgradering av området kring ballbingen og den kommunale badeplassen i Munkevika.	20 000
Hordabø idrettslag	Nytt lager i tilknytning til Hordabøhallen.	100 000
Hordabø ungdomslag	Rehabilitering av ungdomshuset Gradnatun.	100 000
Knappen båtlag	Utbetring av botnforhald slik at dei kan	0

	tilby gjestepllassar ved båthamna.	
Kolstad grendahus	Skifta tak på Kolstad grendahus.	50 000
Manger IL	Tre ulike tiltak: 1. Minibane kunstgras med tryggleiksnett 2. Pumptrack, element-sykkelbane 3. Innkjøp av ikadan golvplater som kan leggjast oppå kunstgraset for legging av skøyteis. Det trengs også ein lagerbod for oppbevaring av dette plastgolvet.	138 000
Manger ungdomslag	Nytt kjøkken i eige tilbygg.	50 000
Marøy grendalag	Skifte av kledning, isolering, takrenner og nye vindauge.	30 000
Marås grendahus	Oppgradering av kjøkken og energisparande tiltak som etterisolering.	50 000
Nord- og Midhordland sogelag	Leggja inn vatn og få toalett i løa på Bogatunet	50 000
Nordanger grendahus	Brannsikring	50 000
Nordhordland husflidslag	Kjøp og utbetring av lokale	0
Nordhordland jakt og fiskelag	Leirduebane i Stokkedalen	0
Nordhordland pistolklubb	Kulefangar på skytebana i Radøyhallen	50 000
Nordhordland seilforening	Flytebrygge, platting og gapahuk på land i friluftsområdet på Uttoska	40 000
Radøy idrettslag	Reiskapsbygg ved fotballbana på Sletta.	65 000
Radøy skyttarlag	200 meters riflebane i Haukåsen/Stokkedalen	100 000
Radøy skyttarlag	Elektroniske skiver i skytebana i Radøyhallen	0
Rikstad bedehus	Fornying av kjøkkenet i Rikstad bedehus	50 000
Samfunnshuset Skogen Sletta	Tilbygg og arbeid i tilknytning til dette	50 000
Samfunnshuset Skogen Sletta	Leggja inn kommunalt vatn	0
Storhaugstova velforeining	Oppgradering av uteområdet ved skulehuset og byggja ein ballbinge	50 000
Sæbø ungdomslag	Vidare renovering av Sæbø ungdomshus.	50 000
Sætre grendalag	Renovering og oppussing av Sætre grendahus	50 000
Vetås bygdelag	Gjera ferdig turvegen frå Storheimstemma til Storheimtjørna	80 000

Vågenes bygdelag	Oppgradering og utskifing av det elektriske anlegget i Vågenes bedehus	28 000
Vågenes bygdelag	Rehabilitering av utedoen/skuret ved bedehuset	0
Vågenes bygdelag	12 nye veglys langs Vågenesvegen og Hålandsvegen.	0
Totalt		1 391 000

Mindre tiltak:

Søkjar	Tiltak	Tilskot
Austebrygd bygdelag	Tilrettelegging av tursti i Austebrygda.	0
Bergen og omegn modellbilklubb	Vedlikehald og oppussing av modellbilbana på Marås	20 000
Manger Idrettslag	Spelarbenkar til boccia-laget, bocciaballar til utebana, grillplass ved gapahuken og utsikts- og kvilebenkar langs turløypa.	0
Marøy grendalag	Oppgradering av parkeringsplass og uteområde ved Marøy grendahus	20 000
Norsk tempoklubb avd.	Oppgradering av klubbhuset/brakka på Olsvollstranda	12 000
Nordhordland		
Radøy idrettslag	Opprusting av garderobe og klubblokale på Sletta	25 000
Radøy idrettslag	Oppgradering av salsbua ved bana på Sletta	10 000
Vågenes bygdelag	Innkjøp og montering av varmepumpe i Vågenes bedehus	12 000
Vågenes bygdelag	Innkjøp og montering av ny vasspumpe og trykktank i Vågenes bedehus	10 000
Totalt		109 000

Midlane vert utbetalt når vedtaket er gjort. Tiltaka skal vera gjennomførte og midlane skal nyttast innan 2020. Etter at tiltaket er gjennomført skal det leverast ein kortfatta sluttrapport og rekneskap for tiltaket. Sluttrapporten skal dokumentera utgifter minst tilsvarande tilskotsbeløpet. Unytta midlar eller midlar nyttar i strid med ordninga, skal betalast tilbake til Alver kommune innan 1. mars 2021.

Vedlegg:

Søknad om midlar til å gruse ferdig markevegen frå Storheimsstemma mot Storheimstjønna

Søknad om midlar til å gruse ferdig markevegen fra Storheimsstemma mot Storheimstjønna

Budsjett Markevegen

Budsjett Markevegen

Søknad om kommunalt tilskot til samfunnshuset Skogen Sletta

kommunalt tilskot

tilbygg rekneskapsoversikt

Søknad om stønad til 200 m riflebane

Søknad om stønad 200m riflebane

Søknad om tilskot til rehabilitering av Gradnatun

Søknad Gradnatun

Søknad om tilskot Nordanger Grendahus

Søknad om tilskot for lag og organisasjoner i Radøy kommune 2019

Søknad om støtte til oppgradering av friområde i Hellaneset

Hellaneset velforening søknad 2019

Søknad om tilskot - skifte av tak grendahus

Søknad om tilskot, Ekstraordinær tilskotsordning 2019

Søknad om tilskot - Marås grendahus

Søknad ekstraordinære midler

Søknad om tilskot til framføring av vatn og bygging av toalett på Bogatunet

Søknad om tilskot til vatn og toalett- Bogatunet._docx

ATT00001

Bogatunet - Kostnadsoverslag søknad

ATT00002

Bogatunet Radøy. Nils Georg Brekke.

ATT00003

Søknad om tilskot - Dale Bygdelag

Radøy Kommune

Søknad om tilskot - Knappen Båtlag

Søknad om tilskot - Knappen Båtlag

3 søknadar om tilskot - Radøy idrettslag

Søknader

Søknad om tilskot El-anlegg Vågenes Bygdelag

Tilbod 1391 Vågenes Bygdelag

Bilete El anlegg

Budsjett EL-anlegg Vågenes Bedehus(1)

Søknad oppgradering og utskifting eletrisk anlegg Vågenes Bedehus

Søknad om tilskot til rehabilitering av utedo Vågenes Bygdelag

Bilete - utedo - skur

Søknad om Tilskott til rehabilitering av gamal utedo

Budsjett utedo Vågenes Bygdelag(1)

Pristilbod Vågenes Bygdelag utedo

Søknad om ekstraordinært tilskot - utvendig vedlikehald Marøy grendahus - tilleggssøknad

Søknad om ekstraordinært tilskot - utvendig vedlikehald Marøy grendahus

Søknad ekstraordinært tilskot - Vågenes bygdelag

Tilbod varmepumpe

Søknad innkjøp og montering av varmepumpe Vågenes Bygdelag

Søknad ekstraordinære midlar - Manger Idrettslag

Skisse Grønålen

Søknad Grønålen, tre anlegg

Prisoverslag, søknadar Grønålen

Søknad om ekstraordinære tilskot - Austebrygd bygdelag

Søknad om tilskot - Boccia og Turløypa - Manger idrettslag

Ekstraordinær søknad Boccia og Turløypa2

Tilskot til mindre investeringar i kulturygg og -anlegg

resultset_4442_15.xml

Søknad om tilskot - Vågenes bygdelag

Søknad innkjøp og montering av vatnpumpe og trykktank Vågenes bygdelag

Budsjett vann Vågenes bygdelag

Søknad om tilskot - Sætre Grendahus

Budsjett

1+SV+_195868.pdf

Søknad om tilskot - Austebygd grendalag

Budsjett

Kart og teikningar

Søknad om tilskot - Nordhordland seilforening

Budsjett

Teikningar og kart

Søknad om tilskot til veglys - Vågenes

Søknad om tilskot til veglys Vågenesvegen

Veglys Vågenesvegen Radøy kommune(1)

Søknad om tilskot - Radøy skyttarlag

Radøy skyttarlag

Søknad om ekstraordinært tilskot - Hordabø idrettslag

Søknad Radøy kommune 1.9-2019

Kostnadsoppsett lager

Søknad til ekstraordinær tilskotsordning 2019 - Sæbø ungdomslag

Ekstraordinær tilskotsordning 2019 - SUL

Søknad til ekstraordinær tilskotsordning - Dale grendahus

Pris, Dale Grendahus

Søknad Radøy Kommune ekstraordinære tilskot 2019

Søknad om tilskot - Nordhordland Husflidlag

Søknad om tilskot Radøy Kommune

Søknad om ekstraordinære midler - Nordhordland Pistolklubb

Søknad om midler til Radøyhallen

Budsjett kulefanger

Søknad om tilskot - Gradnatun

Søknad om tilskot til rehabilitering

Søknad om ekstraordinært tilskot - Boga småbåthavn

Søknad om ekstraordinær tilskotsordning - born og unge på Toska

Søknad om ekstraordinær tilskotsordning 2019

1. søknad om tilskot - Skogen Sletta

Samfunnshuset - tilbygg. Søknad RK (2)

Skogen Sletta - kommunalt vatr

Samfunnshuset Skogen A

Søknad om prosjekt- og aktivitetstilskott 2019

resultset_4609_19.xml

Søknad om tilskot - Nordhordland Husflidlag

Søknad om tilskot Radøy Kommune

Førespurnad om økonomisk tilskot: Toska friluftsområde - utbetring av veg og parkeringsplass

Toska friluftsområde - utbetring av veg og parkeringsplass 2019

Søknad

Spesifikasjon av utgifter - Hellaneset velforening

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
039/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.: 19/1271	Dokumentnr.: 19/12759
---------------	-------------------------	--------------------------

Ekstraordinær tilskotsordning kultur - song og musikk

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune har oppretta ei ekstraordinær tilskotsordning til lag og organisasjoner med ein samla sum på to millionar kroner. Av denne summen er det sett av 500 000 kroner til song og musikk, med ei øvre løyving på 75 000 kroner.

Saka vert delt i to med eitt saksframlegg for investeringar i bygg, anlegg, turstiar mm. som er allment tilgjengeleg, og eitt saksframlegg for song og musikk. Denne saka gjeld sistnemnde tilskotsordning.

Det har kome inn sju søknader om tilskot frå den ekstraordinære tilskotsordninga. Alle dei seks korpsa i Radøy har søkt om tilskot, og i tillegg er det kome søknad frå Radøy damekor. Alle søkerane tilfredsstiller kriteria for å søkja om støtte frå den ekstraordinære tilskotsordninga.

Det har kome følgjande søknader:

Manger musikklag ønskjer sesongen 2019/20 å investera i nytt utstyr som er svært etterlengta for korpset. Det gjeld først og fremst eit klokkespel-liknande instrument, crotales, som er blitt stadig meir vanleg i korps, men som MML må leiga for kvar gong. Krav til mute for tuba er også viktig i korps, ikkje minst på bakgrunn av at musikk til dagens konkurransestykker vert akriven med strenge krav til styrkegrad og stemningar som ein berre kan oppnå ved å bruka mute.

Korpset søker om eit tilskot på 75 000 kroner.

Manger Skulemusikklag har det siste året satsa på juniorkorps (alder 10 og 11) i tillegg til hovudkorpset. Korpset har merka svært god rekruttering dei siste åra, og viser i søknaden til at dette er krevjande økonomisk på grunn av at behovet for instrument aukar

drastisk. Skulekorpset skriv i søknaden at korpset har ambisjonar om å hevda seg i toppen av 1. divisjon. Det vert peika på at ein stor del av instrumentparken er gammal og at det trengst nye i samband med satsinga på juniorkorpset.

Manger skulemusikklag søker om eit tilskot på 75 000 kroner.

Hordabø skulemusikklag søker om tilskot til fornying av instrumentparken i korpset, som er registrert eit generasjonskorps. Korpset skriv i søknaden at nye instrument er svært påkrevd, sidan ein del av instrumentparken er svært gammal. Korpset har fornya noko av instrumentparken i fjar og tidlegare i år, og det er behov for fleire innkjøp.

Hordabø skulemusikklag søker om tilskot på 75 000 kroner.

Sæbø skulemusikklag har for tida lite rekruttering og har få medlemmar i korpset.

Dette ønskjer korpset å gjera noko med og søker støtte til eit rekrutteringsprosjekt der dei vil gje tilbod om musikk/rytmeleik og enkel notelære i SFO-tida på skulen ein gong i veka frå januar 2020 og til medio mai.

Born som ikkje går på SFO vil og få tilbod om å vera med.

For å få til dette treng skulekorpset midlar til instruktør og innkjøp av ulike rytmeinstrument, skarptrommer, marsjtromme og plastikk blåseinstrument som kornett/trombone og notar.

Skulekorpset oppbevarar i dag slagverkutstyr i eit rom på Sæbø skule der det ikkje er mogeleg å oppbevara utstyr anna enn på golvet. Korpset søker difor om støtte til materiell slik at dei kan få sett opp hyller og få orden på rommet.

Sæbø skulemusikklag søker om tilskot på 75 000 kroner.

Radøy Brass er ei god blanding av erfarne musikantar og unge talent og skriv i søknaden at korpset er opptatt av å kunne vera tilbod for dei eldste musikantane i skulekorpsa i kommunen. Korpset ønskjer å styrka instrumentparken slik at dei kan tilby medlemmane sine betre instrument. Det er størst behov for å utvida instrumenttilboden i slagverkgruppa, mellom anna treng korpset to pauker, men det er også behov for nye kornettar. Radøy Brass skriv i søknaden at desse innkjøpa ville utgjort ei betydeleg forbetring av instrumentparken og gjort korpset endå bedre rusta til å ta imot fleire lokale musikantar.

Radøy Brass søker om tilskot på 75 000 kroner.

Manger Old Star Brass søker om tilskot til kjøp av instrument og slagverksutstyr. Korpset skriv i søknaden at dei mellom anna har trong for ein BBB-tuba. Laget eig berre ein slik, og dette er svært dyre instrument å kjøpa inn. Listepris på ein slik tuba er i dag kr 122.000, men korpset viser til at det er råd å få den «på tilbod» for om lag kr 109.000,-.

Korpset har også trong for å skifta ut nokre andre instrument, og oppgradera noko slagverksutstyr. Manger Old Star Brass søker om tilskot på 75 000 kroner.

Radøy damekor søker om tilskot til fornying av koret sitt utstyr. Koret treng mellom anna nye notestativ. Utover dette ser koret stadig behov for eit instrument dei kan ta med seg når dei opptrer andre stader enn i heimekyrkja på Manger. Dei ser for seg eit godt piano som er lett å flytta på.

Radøy damekor har 20 årsjubileum i 2020 og har i den samanheng lyst til å realisera innkjøp av skikkeleg korantrekk til medlemmane.

Koret søker om tilskot på 61 829,-.

Konklusjon

Administrasjonen tilrår at dei seks korpsa vert stilte likt og får maks tilskotssum på 75 000 kroner. Det vert søkt om tilskot til instrumentkjøp, som er tunge investeringar. Radøy damekor har monaleg lågare driftskostnadar enn korpsa, og administrasjonen tilrår at koret får eit tilskot på 50 000 kroner.

Saka er sendt til musikkrådet til uttale. Musikkrådet støttar administrasjonen si tilråding.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir følgjande tilskot frå ekstraordinær tilskotsordning til song og musikk:

Manger musikklag	kr 75 000,-
Radøy Brass	kr 75 000,-
Manger Old Star Brass	kr 75 000,-
Hordabø skulemusikklag	kr 75 000,-
Manger skulemusikklag	kr 75 000,-
Sæbø skulemusikklag	kr 75 000,-
Radøy damekor	kr 50 000,-

Vedlegg:

Søknad ekstraordinær tilskotsordning Radøy Brass

Søknad frå MSML Ekstraordinære midlar

Søknad Hordabø skulemusikklag

Søknad om ekstraordinære tilskot - Manger Musikklag

Søknad om ekstraordinære tilskotsmidlar Manger Old Star Brass

Søknad Sæbø skulemusikklag

Søknad tilskot Radøy damekor

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
040/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.: 18/1690	Dokumentnr.: 19/12951
---------------	-------------------------	--------------------------

Nasjonal ramme for vindkraft på land - høyring

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Olje- og energidepartementet gav i brev av 9. februar 2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å leia eit arbeid med å laga forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE sitt faglege forslag er lagt fram i form av ein rapport datert 1. april 2019: Forslaget inneholder eit samla kunnskapsgrunnlag om verknadar av vindkraft på land - og eit kart.

I NVE sitt forslag er det peika ut 13 område som direktoratet meiner er dei mest eigna for vindkraft på land i Norge. Det vert i forslaget peika på at også innanfor dei utpeika områda vil det vera område som ikkje eigner seg for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følgje av mindre gode vindressursar.

Formannskapet i Radøy handsama 4. oktober 2018 sak om «Nasjonal ramme for vindkraft på land - innspel om regionale interesser». NVE ba den gongen lokale og regionale styresmakter om å koma med ytterlegare fagleg infomasjon av overordna karakter som ville vera relevant i høve til det vidare arbeid med analyseområde.

Formannskapet i Radøy kom i sak 066/18 med følgjande innspel:

Radøy kommune ser positivt på at det blir utarbeidd samla plan for vindkraft på land.

Me ber NVE ferdigstilla denne planen før realitetshandsaming av nye vindkraft-søknader.

Det er store interesser knytt til biologisk mangfold, reiseliv, rekreasjon og friluftsliv i analyseområde 18. Radøy kommune meiner at analyseområde 18 må trekkast ut av det vidare arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft.

No har NVE lagt fram sitt forslag til Nasjonal ramme for vindkraft på land, som er sendt på høyring med høyringsfrist 1. oktober.

Formannskapet hadde saka til handsaming i sak 028/2019 og gjorde då vedtak om å utsetja saka. No kjem saka opp til handsaming på nyt

Lindås kommunestyre handsama saka om nasjonal ramme for vindkraft på land i møte 27.

juni 2019.

Det vart gitt følgjande uttale til NVE sitt forslag, vist i NVE sin rapport frå 1. april 2019:

NVE har i sitt framlegg peikt ut 13 av opprinnelige 43 område som vert definert som mest eigna områda for vindkraft, og midtre del av område 18 (s.164) med namnet «Nordhordland og Gulen» kome med. Lindås kommune seier nei til å ha vindkraft i Nordhordland og Gulen på land, og ber om at OED tek heile område 18 ut av endeleg rammeplan for vindkraft.

Lindås kommunestyre:

- vil påpeika at arealstatus til nemte område i kommuneplanens arealdel er båndlagt med ei omsynssone kultur og fritid.*
- vil påpeika at Fylkesmannen i Vestland og Miljøvendirektoratet har peika på Fjonfjella som eit framtidig verneområde.*
- sjå på dette som eit serdeles verdifult område for innbyggjarar og region med store varige konflikter ved eventuell utbygging.*

Konklusjon

Rådmannen legg fram saka til drøfting utan tilråding.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting og vedtak utan tilråding

Vedlegg:

Nasjonal ramme for vindkraft høyringsbrev (L)(300247)

Høyringsnotat - nasjonal ramme for vindkraft rapport2019_12 (L)(300263)

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
041/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Olaf Michal Hella	18/925	19/13037

Oppfølging av forvaltningsrevisjon "Tidleg innsats i oppvekstsektoren"

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunestyret handsama 20. juni 2019 sak 007/2019 - 19/9435 - Forvaltningsrevisjon - tidleg innsats i oppvekstsektoren. Kommunestyret bad om ei tilbakemelding på korleis rapporten vert følgd opp.

Vedtak frå kommunestyret 20.06.19:

«Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar.

Kommunestyret ber rådmannen følgja opp forvaltningsrapporten i samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune. Kommunestyret ønskjer at ein tverrfagleg fokus, som konseptet La linea byggjer på, vert vektlagt i arbeidet med utvikling og utøving av tenester innan barnehage, skule og helse for barn og unge i Alver kommune. Innan 1. oktober 2019 vert rådmannen beden om å koma med ei tilbakemelding til kommunestyret / fellesnemnda om korleis tilrådingane i rapporten vert planlagt følgd opp.»

Radøy kommune har siste året hatt fullt fokus på å bygge gode rutinar for oppfølging og fagleg utvikling i Alver kommune. Merknadane i forvaltningsrevisjonen vert teke inn i det systematiske arbeidet for å sikre tidleg innsats og god oppfølging av alle barn og elevar i oppvekstsektoren. Rapporten frå forvaltningsrevisjonen vert såleis viktig for å sikre ei vidareføring av det gode tverrfaglege arbeidet ein har gjort i Radøy kommune gjennom mange år.

Vurdering:

Tilbakemeldingane vert teke inn i arbeidet med å vidareutvikle eit godt systematisk arbeid inn i Alver kommune. Forvaltningsrevisjonen peikar på at mykje bra arbeid vert gjort i Radøy og at dette må ein bygge vidare på.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til orientering.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Olaf Michal Hella	19/1733	19/12542

Rett til gratis skuleskyss grunna farleg skuleveg

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Som ein del av samanslåinga av Radøy, Lindås og Meland kommunar må ein ha likt utgangspunkt for å vurdere elevane sin rett til skuleskyss og definere farleg skuleveg. Lindås hadde i 2018 ei kartlegging av farleg skuleveg gjennomført av Norconsult. Våren 2019 har Radøy kommune gjort liknande kartlegging og det er planlagt at Meland kommune vil gjere det same.

Vurdering

Under er det lagt inn utkliipp frå rapporten til Norconsult som viser vegsystemet som elevane må nyta. Det viser med oransje farge vegar som vert vurdert som farlege for born i 1. og 2. trinn. Dei vegane som har raud farge vert vurdert som farlege for alle elevane og vil gje rett til gratis skyss.

Folkehelse:

I Radøy kommune sin trafikksikringsplan 2014-2020 er det sett opp følgjande målsetjing:
Folkehelseperspektivet er viktig i arbeidet og befolkninga skal ha trygge vegar å gå og bevega seg på, lett tilgjengeleg.

Det er aukande trafikk på vegane i Radøy, med mange uoversiktlege delar av vegen. Kommunen har siste året fått fleire meldingar frå føresette som er uroleg for barna som ferdist langs vegane til og frå skulen.

Det bør på sikt vere ei målsetjing at så mange som mogeleg kan gå eller sykle til skulen og såleis skape gode og sunne vanar som tek i vare helse og miljø.

Miljø:

På grunn av standarden på vegane rundt skulane vel mange føresette å køyre barna til og frå skulen. Det er med på å auke trafikken inn mot skulane og tidvis skape farlege situasjonar i trafikken. Ut frå klimamål bør vi redusere biltrafikken.

Økonomi

Kartlegginga til Norconsult vil definere fleire av vegane inn mot skulane som farleg skuleveg. Det vil føre til auka skysskostnadene for kommunen. Ut frå kartlegging vert det ca 80 elevar som vil ha krav på gratis skyss om ein følgjer Norconsult sine tilrådingar. Det utgjer ein kostnad på 577 000 kroner i året. Om ein vedtek å følgje nye retningsliner frå 1.10.19 vil kostnaden for 2019 verte på 161 000 kr fram til nyttår.

Konklusjon

Ved å definere fleire av vegane på Radøy som særleg farleg skuleveg vil ein langt på veg sikre at barn ikkje skadar seg i trafikken, og redusere trafikk inn mot skuleanlegga før og etter skuletid. Det vil verte ein lik praksis på korleis vi definerer særleg farleg skuleveg i Alver frå 1.1.20. Auka kostnader må leggast inn i budsjett for 2020.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune definerer særleg farleg skuleveg ut frå «Analyse av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, Radøy kommune, datert 5.7.2019» utført av Norconsult. Elevar som har adresse som gjer at dei må forbi område som er definert som særleg farleg, får vedtak om gratis skuleskyss frå 1. oktober 2019.

Vedlegg:

Farleg skuleveg Analyse av særleg farleg eller vanskeleg skuleveg_v02

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
043/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/2841	19/12386

Sluttavtale Nordhordland revisjon IKS og stifting av Vestlandsrevisjon IKS

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Frå 01.01.2020 skal Meland og Radøy kommunar gå saman med Lindås kommune og etablera Alver kommune. I samband med dette har ein gjort vedtak om utmelding frå NHR IKS, med verknad frå og med 01.01.2020. Utmeldinga er motteken og stadfesta av NHR-IKS. Det har vore drøftingar mellom selskapet og kommunane om formalitetar og oppgjer når Radøy og Meland går ut som eigar.

Drøftingane har hatt som mål å finna gode løysingar både for Meland og Radøy kommunar som går ut, og for selskapet/dei kommunane som blir eigarkommunar vidare.

Rammer for oppseiing i kommunale selskap:

NHR-IKS er etablert etter § 78 nr. 3 i kommunelova: *Valg av revisor: Kommunestyret og fylkestinget avgjør selv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i et interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med en annen revisor.»*

Selskapet er regulert av lov om interkommunale selskap som set rammer for uttreden av selskapet. Mest sentrale er desse bestemmelsane:

§ 3. Deltakeransvar: Den enkelte deltaker hefter ubegrenset for en prosent- eller brøkdel av selskapets forpliktelser. Til sammen skal delene utgjøre selskapets samlede forpliktelser. Den enkelte deltakers ansvar for selskapsforpliktelser svarer til deltakerens eierandel i selskapet med mindre annet fremgår av selskapsavtalen.

§ 30.Uttreden: «Den enkelte deltaker kan med ett års skriftlig varsel si opp sitt deltakerforhold i selskapet og kreve seg utløst

Utløsningssummen fastsettes til andelens nettoverdi ved oppsigelsesfristens utløp. Utløsningssummen kan likevel ikke overstige verdien av deltakerens innskudd. ...

Er deltakerens andel negativ, er det deltakerens tap som skal innbetales.

Den uttredende deltaker fortsetter å hefte overfor kreditorene for sin andel av selskapsforpliktelsene på uttredelsestidspunktet inntil den uttredende deltaker må anses for å være fritatt av kreditor, jf. § 26 fjerde ledd som gjelder tilsvarende ved uttreden»

Status for eige og forpliktingar i selskapet:

NHR-IKS har ikkje eigedommar eller andre verdiar. Selskapet sin kapital er dei tilsette og deira kompetanse. Det er heller ikkje innskot frå eigarkommunane i selskapet.

Selskapet har ikkje gjeld. Derfor er den summen eigarkommunane må innfri i all hovudsak knytt til pensjonsrettane for dei tilsette.

Tilsette i eit kommunalt eigmend selskap arbeider for kommunen og har dei same rettar og plikter som andre kommunalt tilsette. Premien vert til vanleg betalt løpende og basert på faktiske og påløpte pensjonskostnader. KLP er selskapet sin pensjonsleverandør. Etter opplysningar frå KLP er eingongspremien for dei samla pensjonsforpliktingane i selskapet ved uttreden/avvikling pr. mai 2019 sett til kr 5 404 858.

Eigarkommunane heftar i dag for pensjonsforpliktingar i same storleik som sin eigardel i dei respektive selskapa. Hovudregelen er at tidlegare arbeidsgjevar som heftar for opprente pensjonsrettar, også har ansvaret for å betala framtidig reguleringspremie jfr Overføringsavtalen.

Dersom ein skal gjera opp desse kostnadene er regelverket slik: For kommunar og verksemder som er tilslutta KLP og har forplikta seg på avtalen om overføring og samordning av pensjonsrettar («overføringsavtalen»), skal det krevjast ein eingongspremie for forventa framtidig tilleggspremie (§9, 3 ledd) til sikringsordninga. Dette skal dekka framtidige G-reguleringar, mogleg uttak av pensjon etter 85 års-regelen, AFP frå 65 år eller andre moglege utslag av regelverket for offentlege tenestepensjonar under overføringsavtalen. Eingongspremien inneheld også eit forsikringselement fordi Pensjonskontoret ikkje tar risikoen for hendingar og endringar som kan auka kostnadene i framtida. Derfor er kostnaden etter prinsippa i sikringsordninga høgare enn dei rekneskapstekniske utrekningane. Ved eventuell innløsing blir kostnadene for eigarkommunane då slik:

Å innfri pensjonsforpliktingar ved ein eingongspremie kan vera ei meir kostbar løysing for eigarane. Dette har vore drøfta med KLP, og styret i HHR-IKS har også greidd ut eit alternativ der noverande pensjonsavtale for NHR pr 31.12.2019 held fram som eigen avtale. Kostnadene vert fordelt og fakturert etter eigarbrøken i NHR-IKS slik den er pr 31.012.2019. Ei slik løysing medfører:

- Pensjonsforpliktingane i NHR-IKS blir handsama som alle andre kommunale pensjonsforpliktelsar, vidareførte og betalt løpende.
- Uansett endringar i regelverk må ingen av kommunane betala meir enn sin del av til ein kvar tid faktiske kostnader.
- Det vert inngått ny avtale for dei som er tilsette i NHR-IKS frå og med 01.01.2020

- Det er venta at årleg premie vert redusert i perioden, som følgje av at tilsette sluttar/byter arbeidsgjevar, døyr osb.

Deltaking ved stifting av eit nytt selskap:

Utmeldinga frå Radøy og Meland kommunar har store konsekvensar for selskapet. Styret og representantskapet i NHR-IKS har arbeidd med framtida for selskapet og søkt samarbeid med dei kommunane i Indre Hordaland som framleis har kommunal revisjon, Indre Hordaland Revisjon (IHR). Begge selskapa får færre kommunar etter endringane i kommunestrukturen. Samanslåing av desse to selskapa er utgreidd av ei arbeidsgruppe, og tilrådd frå styra i begge selskapa. Utgreiinga «Utgreiing kring samanslåing av Indre Hordaland Revisjondistrikt og Nordhordland Revisjon IKS» med vurderingar og tilrådingar er sendt over til eigarkommunane for handsaming og ligg som vedlegg til saka.

Det kan verka noko ulogisk at Radøy (og Meland) kommune skal gå ut av selskapet må ta stilling til framtida og ei eventuell samanslåing for NHR-IKS. Dette er ei utfordring som fleire kommunar og kommunar som er råka av kommunereformen er oppe i. I utgreiinga «Sammenslåing Vestfold og Telemark kommunerevisjoner» er dette grunngjeve slik: *Myndighet til å stifte selskap kan ikke delegeres til fellesnemda. Det følger av bestemmelsen om at det er «kommunestyret selv» som vedtar selskapsavtalene. Det er også derfor vi har valgt å stifte selskapet med de «gamle» kommunene som stiftere fordi vi ikke tar sjansen på å rekke dette etter konstituering av nye kommunestyrer etter valget og samtidig få registrert selskapet i Brønnøysund før årsskiftet.*» Dette er også situasjonen for NHR-IKS og IHR. Dersom det skal vera mogleg for selskapa å etablera og registrera eit selskap som kan vera operativt frå 01.01.2020 er vi avhengig av at saka blir handsama i alle noverande eigarkommunar. Derfor må Meland og Radøy kommunar må ta stilling til denne utgreiinga. Dette er ein formalitet, og påfører ikkje kommunane utgifter. Som følgje av dette er det lagt fram framlegg til to selskapsavtalar, a)ein med kommunenamna før årsskiftet og b)ein der kommunenamn og eigarbrøkar er i tråd med kommunereform og eigarstatus frå og med 01.01.2020.

Dette er såleis ein formalitet som ikkje vil gje ansvar eller kostnader for Radøy / Meland all den tid prosessen med uttreden av NHR-IKS alt er starta og oppgjer må skje i dette selskapet.

Vurdering

Ved uttreden av Nordhordland revisjon IKS må vi ta stilling til om vi ynskjer å dekke ansvaret vårt ved eingongsbetaling eller via årlege innbetalingar. Dersom vi ynskjer å betale eingongspremien inneheld denne også «forsikringspremie» som sikrar at det ikkje er gjenverande risiko til dei andre eigarane eller til KLP. Rådmennene Radøy og Meland kommunar har saman med prosjektrådmannen i Alver drøfta seg fram til at det mest fordelsaktige vil vere å dekke ansvaret med eingongspremie, for å unngå varierande utbetalingar og ansvar inn i Alver. Som noverande eigar må vi handsome og tillate at selskapet gjer disposisjonar som mogglegjer vidare drift i nytt og utvida samarbeid. Vi opparbeider ikke nye juridiske og/eller økonomiske forpliktingar i selskapet for tida etter 1.1.2020.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Det blir etablert eit nytt kommunalt revisjonsselskap med namn Vestlandsrevisjon IKS. Radøy godkjenner selskapsavtalen som gjeld frå stiftingsdato til 31.12.2019.
- Ordførar er Radøy kommune sin representant i representantskapet.
- Radøy trer ut av det nye selskapet frå og med 01.01.2020, i samsvar med tidlegare oppseiing av deltaking i NHR-IKS.
- Radøy kommunestyre gjev ordførar og rådmann fullmakt til å inngå sluttavtale med

NHR-IKS der pensjonsopparbeidde pensjonsrettar i selskapet pr. 31.12.2019 blir innfridd.

Vedlegg:

Utgreiing samanslåing Nordhordland revisjon og Indre Hordaland revisjonsdistrikt

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
044/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Grete Algrøy Herøy	19/1651	19/12274

Søknad om serveringsløyve Sletta Handel

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Sletta Landhandleri AS har søkt om serveringsløyve for kafe/konditori verksemd innadørs med 30 sitjeplassar. Servering skal foregå ved inngangspartiet.

Det er søkt om serveringstid fra kl 0900 – kl 2000 måndag – fredag. Laurdag og søndag kl 0900- kl 2000.

Mattilsynet har innvilga søknad om serveringsløyvet.

Dagleg leiar for servering er Linn Mari Rath. Dagleg leiar har avlagt etablererprøve i 2019.

Politiet har ingen merknader til søknaden. Skatt Vest har ingen merknader.

Vurdering

Lov om serveringsvirksomhet (LOV -1997-06-13-55) frå 01.01.1998 har som formål å sikre forsvarleg drift av alle serveringstader med omsyn til næringa, gjestane og samfunnet for øvrig. Lova gjeld ved etablering og drift av alle serveringstader der det foregår servering av mat og/eller drikke, og der forholda ligg til rette for fortæring på staden.

Den som skal gjøre seg næring av å drive serveringsstad må ha serveringsbevilling gitt av kommunen. Bevilling skal bli gitt når følgjande forhold er oppfylte:

- Serveringstaden skal ha ein dagleg leiar som har det reelle ansvaret for den daglege drifta av serveringstaden. Dagleg leiar må være myndig.
- Serveringstaden sin daglege leiar må ha gjennomført etablererprøve.
- Bevillingshaver, daglig leiar og personar som har vesentleg innflytelse på verksemda, må ha utvist uklanderleg vandel i forhold til straffelov, skatte- og avgiftslov, regnskapslov, lov om

- forbud mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion mv.1 Personar som nevnt i første punktum må heller ikkje ha begått lovbrot i høve til annan lovgjeving på ein måte som vil være uforenleg med drift av serveringsstad.
- Person som eig ein vesentleg del av verksemda eller av selskap som driv verksemda eller som bær ein vesentleg del av avkastning eller i kraft av si stilling som leiar har vesentleg innflytelse på den, vil alltid verta rekna å ha vesentleg innflytelse på verksemda.

Folkehelse : Gode møteplassar for sosialt samvær gjev trivsel og kan vere med å førebyggja einsemd og isolasjon.

Miljø : ikkje vurdert

Økonomi : ikkje vurdert

Konklusjon

Gjennom tilsendt og innhenta dokumentasjon er krava for å få serveringsløyve oppfylte. Serveringsstaden har ein dagleg leiar som er myndig. Dagleg leiar har gjennomført etablererprøven. Mattilsynet har gitt godkjenning. Politiet har ingen merknader til søknaden. Skatt Vest har ingen merknader.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sletta Landhandleri AS får serveringsløyve til kafe/konditoriverksemrd.

Opningstida for servering er :

kl 0900-kl 20.00 mandag – fredag.

kl 0900 – kl 1800 laurdag og søndag

Dagleg leiar for serveringsverksemda er Linn Rath

Lovheimel : Serveringsloven

LOV-2015-06-19-65 fra 01.10.2015

Vedlegg:

Uttale til søknad om serveringsløyve

Serveringsløyve - Sletta Landhandleri - søknad

Søknad

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
045/2019	Formannskapet i Radøy	PS	19.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/1514	19/10892

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. TV-aksjonen – Kommune- og fylkesbidrag 2019
- b. NGIR – referat representantskapet 27. mai 2019
- c. Presentasjon Invest in Bergen – eigarmøte 14. juni 2010
- d. Etablerararsenteret/Invest in Bergen – mål for Vestland fylke
- e. Rapporten «Vestland – utfordringar for fylket for regionane»

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

TV-aksjonen Kommune- og fylkesbidrag 2019

NGIR Referat representantskapet 27.05.19

Eigarmøte 14 6 2019 - presentasjon Invest in Bergen

Eigarmøte Invest In og Etablerarsenteret 14 juni 2019-Bård Sandal

Referat eigarmøte Etablerersenteret og Invest in Bergen 140619

Eiermøte juni 2019 Etablerersenteret

Oversending av rapporten Vestland - utfordringar for fylket og (L)(312475)

Vestland - utfordringar for fylket og for regionane - j (L)(312542)